



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024



Innhald

Innhald.....	i
Samandrag.....	i
1. Bakgrunn og formål.....	1
1.1 Lovgrunnlag.....	1
1.1.1 Rettar til vidaregåande opplæring.....	1
1.1.2 Rett til skyss.....	1
1.1.3 Kvalitet i opplæringa.....	1
1.2 Meld. St. 20 (2012–2013) På rett vei - Kvalitet og mangfold i fellesskolen.....	2
1.3. Status 2012/13.....	3
1.4 Elevtalsutvikling og økonomiske rammer.....	4
1.5 Regional planlegging.....	5
2. Organisering av vidaregåande opplæring.....	6
2.1 Organisering av utdanningsprogram og programområde.....	8
2.1.1 Studiespesialisering (ST).....	8
2.1.1.1 Breidde på tilbodet i studiespesialisering.....	8
2.1.1.2 Studiespesialisering med formgjevingsfag (ST- FO).....	9
2.1.1.3 Påbygging til generell studiekompetanse.....	9
2.1.2 Idrettsfag (ID).....	10
2.1.3 Teknikk og industriell produksjon (TIP).....	11
2.1.3.1 Teknisk allmennfag (TAF).....	11
2.1.4 Helse- og oppvekstfag (HO).....	13
2.1.4.1 Teknisk allmennfag (TAF).....	13
2.1.5 Bygg- og anleggsteknikk (BA).....	14
2.1.6 Elektrofag (EL).....	15
2.1.7 Medium og kommunikasjon (MK).....	16
2.1.8 Service og samferdsel (SS).....	17
2.1.9 Restaurant- og matfag (RM).....	18
2.1.10 Naturbruk (NA).....	19
Fylkesdekkjande utdanningsprogram.....	20
2.1.11 Design og handverk (DH).....	20
2.1.12 Musikk, dans og drama (MD).....	21
2.2 Opplæringstilbodet ved dei vidaregåande skulane.....	22
2.2.1 Årdal vidaregåande skule.....	23
2.2.2 Sogndal vidaregåande skule.....	24
2.2.3 Høyanger vidaregåande skule.....	26

2.2.4 Dale vidaregåande skule.....	27
2.2.5 Øyrane vidaregåande skule, inkludert avd. Mo	28
2.2.6 Hafstad vidaregåande skule.....	30
2.2.7 Flora vidaregåande skule.....	31
2.2.8 Firda vidaregåande skule.....	33
2.2.9 Eid vidaregåande skule.....	34
2.2.10 Måløy vidaregåande skule.....	35
2.2. 11 Stryn vidaregåande skule	36

Figurar og tabellar

Tabell 3A Opplæringstilbodet skuleåret 2016/17	7
Tabell 2.1.1 Opplæringstilbodet for studiespesialisering	8
Tabell 2.1.1.3 Opplæringstilbodet for programområdet påbygging til generell studiekompetanse..	9
Tabell 2.1.2 Opplæringstilbodet for idrettsfag	10
Tabell 2.1.3 Opplæringstilbodet for teknikk og industriell produksjon	11
Tabell 2.1.4 Opplæringstilbodet for helse- og oppvekstfag	13
Tabell 2.1.5 Opplæringstilbodet for bygg- og anleggsteknikk	14
Tabell 2.1.6 Opplæringstilbodet for elektrofag	15
Tabell 2.1.7 Opplæringstilbodet for medium og kommunikasjon	16
Tabell 2.1.8 Opplæringstilbodet for service og samferdsel	17
Tabell 2.1.9 Opplæringstilbodet for restaurant- og matfag	18
Tabell 2.1.10 Opplæringstilbodet for naturbruk	19
Tabell 2.1.11 Opplæringstilbodet for design og handverk	20
Tabell 2.1.12 Opplæringstilbodet for musikk, dans og drama	21
Tabell 2.2.1 Opplæringstilbodet ved Årdal vidaregåande skule.....	23
Tabell 2.2.2 Opplæringstilbodet ved Sogndal vidaregåande skule	24
Tabell 2.2.3 Opplæringstilbodet ved Høyanger vidaregåande skule	26
Tabell 2.2.4 Opplæringstilbodet ved Dale vidaregåande skule	27
Tabell 2.2.5 Opplæringstilbodet ved Øyrane vidaregåande skule, inkl. avd. Mo	28
Tabell 2.2.6 Opplæringstilbodet ved Hafstad vidaregåande skule.....	30
Tabell 2.2.7 Opplæringstilbodet ved Flora vidaregåande skule	31
Tabell 2.2.8 Opplæringstilbodet ved Firda vidaregåande skule	33
Tabell 2.2.9 Opplæringstilbodet ved Eid vidaregåande skule	34
Tabell 2.2.10 Opplæringstilbodet ved Måløy vidaregåande skule	35
Tabell 2.2.11 Opplæringstilbodet ved Stryn vidaregåande skule	36

Samandrag

Bakgrunn

I fylkestinget sitt vedtak i sak 5/12 om mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2012-2015, «God-betre-best», vart det vedteke å setje i gang arbeid med ein skulebruksplan. Planen skal vise *korleis ein kan organisere vidaregåande opplæring i framtida*.

Fylkesutvalet har vidare definert kva skulebruksplanen skal omfatte:

«Skulebruksplanen skal vise korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune, innanfor framtidige økonomiske rammer, kan organisere ei vidaregåande opplæring med høg kvalitet og utnytte bygg og eigedommar mest mogleg kostnadseffektivt. Planen skal leggje eit best mogleg grunnlag for politiske vedtak om framtidig organisering av vidaregåande opplæring» (Sak 48/12 – fylkesutvalet 23.05.12).

Formål

Framskrivingar syner ein reduksjon i elevtalet i storleiksorden 300-400 elevar i perioden fram til 2016, og aukande til 400-600 elevar i perioden fram til 2024. Tiltaka i skulebruksplanen er tilpassa ein reduksjon i elevtalet ut frå framskrivingane.

Elevtalsreduksjonen påverkar inntektene til fylkeskommunen. Reduksjonen i inntektene kan bli forsterka av at talet 16-18 åringer aukar for landet elles.

Status 2012/13

Planarbeidet har inkludert ein grundig gjennomgang og kartlegging av dagens situasjon. Sogn og Fjordane fylkeskommune har 13 vidaregåande skular med stor variasjon i storleik. Hovudtrekket ved opplæringstilbodet er at tilbudsstruktur og søkjarmønster har vore stabilt over lang tid. Tilbodet er organisert slik at det har stor breidde. Utdanningsprogramma er i hovudsak delt mellom mange og små einingar.

Den vidaregåande opplæringa er gjennomgåande kjenneteikna av høg kvalitet.

Samanlikna med andre fylke har Sogn og Fjordane betydeleg færre elevar per skule. Sogn og Fjordane ligg godt over samanliknbare fylkeskommunar og landsgjennomsnittet når det gjeld samla kostnader for vidaregåande opplæring per elev.

Den fylkeskommunale bygningsmassen er stort sett i bra stand. Det er utfordringar knytte til enkelte bygg, men kombinasjonen av eit stabilt vedlikehald og investeringar i nybygg dei seinare åra gjer at fylkeskommunen i dag har relativt gode tilhøve ved eigedommane sine. Utfordringane er å tilpasse bygningsmassen best mogeleg til framtidige behov.

Organiseringa av vidaregåande opplæring

For å nå måla for skulebruksplanen må den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane omorganiseras. Det er lagt ein struktur med 11 vidaregåande skular som skal bidra til høg kvalitet på opplæringa og så langt som mogleg gi eit tilbod nær der elevane bur. Planen har perspektiv fram mot 2024.

1. Bakgrunn og formål

Skulebruksplanen er forankra i

- lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) med forskrifter
- føringar i høve nasjonale satsingsområde for opplæringssektoren
- mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 - «God – betre – best!»
- årsbudsjett/økonomiplan
- regional planstrategi og regionale planar

1.1 Lovgrunnlag

Opplæringslova § 13-3 regulerer plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busette i fylket. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringstilbod i samsvar med nasjonale mål, søkjarane sine ønske og behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper. Ansvaret omfattar også spesialundervisning, opplæring i fengsel og i sosiale og medisinske institusjonar. Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte og føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (§1-3 og § 13-3).

Opplæringslova stiller ingen krav med omsyn til tal skular, storleik eller geografisk plassering. Fylkeskommunen må sjølv avgjere kva skulestruktur som er best eigna for å oppfylle lovkrava.

1.1.1 Rettar til vidaregåande opplæring

Ungdomsretten til vidaregåande opplæring er regulert i § 3-1 *Rett til vidaregåande opplæring for ungdom*: “Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring..”.

Til vidaregåande opplæring nivå 1 (vg1) har søkjarar med ungdomsrett rett til inntak på eitt av tre utdanningsprogram dei har søkt på, og til to år vidare opplæring innanfor same utdanningsprogram. Ungdomsretten gjeld vidaregåande tilbod i heile fylket, men den er ikkje knytt til ein særskilt skule.

Vaksne sin rett til vidaregåande opplæring finn ein i § 4A-3 *Rett til vidaregåande opplæring for vaksne*: «Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring».

1.1.2 Rett til skyss

Retten til skyss er omtala i § 7-2 *Skyss og innlosjering i den vidaregåande skolen*: “Elevar i vidaregåande skole som bur meir enn seks kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle. Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda”.

1.1.3 Kvalitet i opplæringa

Med ansvaret for vidaregåande opplæring i offentleg regi, jf. § 13-3, følgjer også at skuleeigar pliktar å arbeide for høgast mogleg kvalitet i opplæringa. Omgrepet *kvalitet i opplæringa* er mangetydig, jf. mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015. Fagleg og pedagogisk kompetanse hos personalet er likevel overordna. I opplæringslova er dette formulert slik i § 10-8: *Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda*.

Fylkeskommunen har i tillegg plikt til å syte for rettleiing og kvalitetsutviklingstiltak som m.a. kan gje god samanheng mellom grunnskule og vidaregåande opplæring (opplæringslova § 13-3c).

1.2 Meld. St. 20 (2012–2013) På rett vei - Kvalitet og mangfold i fellesskolen

Regjeringa la 15. mars 2013 fram stortingsmeldinga «På rett vei». Meldinga omhandlar heile grunnopplæringa, men har særleg vekt på fag- og yrkesopplæringa. To stikkord for meldinga er relevans og fleksibilitet. Regjeringa føreslår mellom anna ein gjennomgang av dagens yrkesfaglege utdanningsprogram saman med partane i arbeidslivet, større fridom til korleis opplæringa blir organisert og ei opning for meir fagleg fordjuping gjennom valfrie programfag.

I meldinga er det forslag om å flytte utdanningsprogramma medium og kommunikasjon og studiespesialisering med formgjevingsfag frå yrkesfaglege til studieførebuande. Desse endringane er det teke omsyn til i skulebruksplanen. Samstundes er det for eit fleirtal av utdanningsprogramma uavklara kva endringar som kjem. Fleire av forslaga i meldinga vil det vere utfordrande å løyse innanfor den organiseringa ein har av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Meldinga blir lagt fram for Stortinget medio juni 2013. Til vanleg vil det gå eitt til to år frå ei melding blir lagt fram for Stortinget og til endringar i lov og forskrift blir gjeldande.

1.3. Status 2012/13

I høyringsutkastet til skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013–2024 er det ein grundig gjennomgang og kartlegging av dagens situasjon. Sogn og Fjordane fylkeskommune har 13 vidaregåande skular med stor variasjon i storleik. Hovudtrekket ved opplæringstilbodet er at tilbudsstruktur og søkjarmønster har vore stabilt over lang tid. Tilbodet er organisert slik at det har stor breidde. Utdanningsprogramma er i hovudsak delte mellom mange og små einingar.

Den vidaregåande opplæringa er gjennomgåande kjenneteikna av høg kvalitet.

Samanlikna med andre fylke har Sogn og Fjordane monaleg færre elevar per skule. Sogn og Fjordane ligg godt over samanliknbare fylkeskommunar og landsgjennomsnittet når det gjeld samla kostnader for vidaregåande opplæring per elev.

Opplæringa i bedrift i Sogn og Fjordane er kjenneteikna av generelt god tilgang på læreplassar, med unnatak av nokre få fagområde. I Sogn og Fjordane er om lag 82 % av lærekontraktane knytte til opplæringskontor.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein god personalpolitikk. Den byggjer på lov- og avtaleverk og reglement som til ei kvar tid gjeld. Samarbeidet og samhandlinga mellom arbeidsgivar og dei ulike arbeidstakarorganisasjonane er konstruktiv og god.

Gjennomsnittsalderen for dei om lag 1100 tilsette ved dei fylkeskommunale skulane er høg, og ein stor, naturleg avgang vil halde fram i mange år. Det er per i dag kring 800 pedagogar (inkludert leiarar) og om lag 300 tilsette i ulike drifts- og støttfunksjonar på dei vidaregåande skulane.

Den fylkeskommunale bygningsmassen er stort sett i bra stand. Det er utfordringar knytte til enkelte bygg, men kombinasjonen av eit stabilt vedlikehald og investeringar i nybygg dei seinare åra gjer at fylkeskommunen i dag har relativt gode tilhøve ved eigedommane sine. Utfordringa er å tilpasse bygningsmassen best mogeleg til framtidige behov.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2001 gjennomført eit systematisk og målretta strategiarbeid for opplæringssektoren. Kap 4 i gjeldande strategidokument, «God – betre best! - mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-15», omhandlar framtidig organisering av vidaregåande opplæring. Skulebruksplanen er særskilt omtala i kapittel 4.3.

1.4 Elevtalsutvikling og økonomiske rammer

I skulebruksplanen er framskrivingar av talet elevar i vidaregåande opplæring lagde til grunn. Det er nytta både Statistisk sentralbyrå sine folketalsframskrivingar og talet elevar melde inn i grunnskulen per 01.10.2011 for kvart årssteg. Grunnlaget for folketalsframskrivinga er grundig omtala i kapittel 1.4 i høyringsutkastet til skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013–2024. Framskrivningane av elevtalet blir oppdaterte årleg. Organiseringa må tilpassast nye framskrivingar i planperioden.

Det er venta ein reduksjon i storleiksorden 300-400 elevar i perioden fram til 2016, aukande til 400-600 elevar i perioden fram til 2020/24.

For dei økonomiske føresetnadene er Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar av tal 16-18 åringar lagde til grunn for berekningane. Inntektene til fylkeskommunen i dagens inntektssystem blir påverka av at delen innbyggjarar i aldersgruppa 16-18 år fell i den komande 10-årsperioden. Uavhengig av om ein tek omsyn til at elevtalet samla for landet aukar eller ikkje, syner framskrivingane ein markant nedgang i overføringane til Sogn og Fjordane fylkeskommune som følge av dette.

I gjeldande økonomiplan er det eit innsparingskrav for opplæringssektoren frå 2013. Dette er delvis realisert ved at opplæringstilbodet er redusert med fem grupper. Årleg innsparingseffekt av dette er 7,0 mill. kr. Desse sju millionane kjem i tillegg til forventta inntektsreduksjon som fylgje av elevtalsnedgangen. Samla innsparingsbehov må justerast opp tilsvarende.

Framtidig inntektssystem

Det er varsla endringar i inntektssystemet frå 2015. Per dags dato er det ikkje kjent kva desse endringane går ut på. Konsekvensane for Sogn og Fjordane er difor ikkje kjende. Det er likevel nokså sikkert at den relative nedgangen i dei aktuelle aldersgruppene også vil merkast i eit nytt inntektssystem. Utgangspunktet for skulebruksplanen er dei økonomiske konsekvensane reduksjonen i delen 16-18 åringar får med *dagens* inntektssystem.

Dei økonomiske konsekvensane av elevtalsnedgangen kan òg vurderast med utgangspunktet i budsjettet for opplæringssektoren. I 2012 var dette på 762 mill. kr. Fordelt på talet brukarar kostar kvar elev/lærling fylkeskommunen 140.000 kr. Med ein slik snittkostnad vil 500 færre elevar utgjere 70 mill. kr.

Det er venta ein reduksjon i inntektene til vidaregåande opplæring i storleiksorden 47-62 mill. kr. årleg i perioden fram til 2016, og 72-97 mill. kr. årleg i perioden fram til 2020/24.

1.5 Regional planlegging

I fylgje plan- og bygningslova skal fylkestinget minst ein gong i valperioden utarbeide og vedta ein regional planstrategi. Dette må skje seinast eitt år etter konstituering. Formålet med planstrategien er å setje fokus på kva planoppgåver det er viktig å arbeide med i fylket i valperioden. Det overordna målet i den regionale planstrategien er å auke folketalet i perioden fram til 2016 til 112 000.

Fylkestinget vedtok i saka om regional planstrategi, sak 55/11 16. oktober 2011, at det skulle utarbeidast eit planprogram for skulebruksplanen. Fylkesutvalet vedtok planprogram for skulebruksplanen i sak 48/12, 25. april 2012. Arbeidet med skulebruksplanen er utført i samsvar med føringane i planprogrammet.

I planprogrammet ligg følgjande formål (effekt mål) for planen:

Ønskt situasjon for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane innan 2015:

- Det vidaregåande opplæringstilbodet er organisert slik at elevar og lærlingar
 - får ei opplæring med høg kvalitet
 - får tilbod om alle utdanningsprogram og eit breitt spekter av programfag i eige fylke
 - i størst mogleg grad får oppfylt ønska sine om opplæringstilbod.
- Det vidaregåande opplæringstilbodet samsvarar i størst mogeleg grad med samfunnet sitt behov for kompetanse på ulike nivå.
- Det er lagt langsiktige planar for opplæringstilbodet for å fremje stabilitet og ein føreseieleg situasjon for elevar, tilsette og lokalsamfunnet.
- Vidaregåande opplæring er organisert på ein måte som fremjar robuste einingar og fagmiljø, slik at ein kan møte endringar i rammer og føresetnader utan å måtte endre strukturar i opplæringstilbodet.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein tek omsyn til endra økonomiske føresetnader, inkludert behovet for framtidige satsingar, og endringar som følgje av den demografiske utviklinga.

Dersom det i arbeidet med skulebruksplanen skulle vise seg å vere konflikhtar mellom to eller fleire av dei ovannemnde måla, må fylkeskommunen gjere prioriteringar innanfor det handlingsrommet fylkeskommunen faktisk har.

2. Organisering av vidaregåande opplæring

For å nå måla for skulebruksplanen må den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane omorganisast. Det har vore særleg tungtvegande å lage ein struktur som gir høg kvalitet på opplæringa og så langt som mogleg gir eit tilbod nær der elevane bur. Planen har eit perspektiv fram mot 2024.

Slik inntaket av elevar er organisert, utan styring til næraste skule, vil sjølv små endringar i organiseringa få konsekvensar for mange skular og elevar i heile fylket, ein «domino-effekt». Den største reduksjonen i talet grupper/klasser må ut frå elevtalsnedgangen gjennomførast fram til 2016. Det vil deretter vere behov for ein ytterlegare reduksjon med nokre grupper/klasser fram til 2020.

I skulebruksplanen er det teke omsyn til både søkjarmønster lokalt og fylkesperspektivet.

Elevtalet lokalt er så lite for nokre av dei mindre skulane at skulane ikkje vil få naudsynt breidde og storleik om ein berre legg det dette til grunn. Som ein konsekvens er dei fleste av dei minste skulane dimensjonerte med innpendling/elevar som bur på hybel. Mellom anna er programområdet vg3 påbygging til generell studiekompetanse lokalisert på nokre av desse skulane. Dette vil truleg styrke fagmiljøet, samstundes som dette er eit tilbod til dei eldste elevane. Organiseringa av vidaregåande opplæring må tilpassast årlege endringar i elevsøking og behov i arbeids- og næringsliv, innanfor den økonomiske ramma. Dette får konsekvensar både for elevar, tilsette og arbeids- og næringsliv.

Elevane sine ynske for opplæringstilbodet vil variere frå elev til elev. Det er stor skilnad mellom Kari som ynskjer eit tilbod i studieførebuande utdanningsprogram i Dale fordi venner m.m. er i Dale, og Ola som søkjer til alle skulane med aktuelle programfag i studiespesialisering for vidare studiar i realfag. På same måte er det stor skilnad mellom Laila som veit at ho vil bli frisør, uavhengig av kvar tilbodet er, og Ali som vil gå på eit praktisk yrkesfag nær heimen. Erfaring viser at for om lag halvparten av søkjarane er det *programområde* som har høgast prioritet ved søking, medan *skule* er viktigast for den andre halvparten.

Skulebruksplanen viser kva utdanningsprogram og programområde som skal vere på dei enkelte vidaregåande skulane frå 2014/2015. For å synleggjere organisering innafor ei økonomisk ramme inneheld planen ei tenkt fordeling av grupper for skuleåret 2016-2017.

Opplæringstilbodet må framleis lysast ut og justerast årleg som følgje av endra behov i arbeidslivet og endra elevsøking. Saka om opplæringstilbodet er delegert til hovudutval for opplæring (fylkestingsvedtak 16.10.12 i sak 43/12).

Tabell 3A Opplæringstilbudet skuleåret 2016/17

Skulebruksplan etter vedtak i FT 12.6.13			Årdal	Sogn dal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn	
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	FT	FT	FT	FT	FT	FT	FT	FT	FT	FT	FT	FT
Ildrettsfag	1	Ildrettsfag		1					1	1				3
	2	Ildrettsfag		1					1	1				3
	3	Ildrettsfag		1					1	1				3
Musikk, dans og drama MD	1	Musikk, dans og drama								2				2
	2	Musikk, dans og drama								2				2
	3	Musikk, dans og drama								2				2
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1	3	1	1		4	2	1	1	1	1	16
	2	Studiespesialisering	1	3	1	1		4	2	1	1	1	1	16
	3	Studiespesialisering	1	3	1	1		4	2	1	1	1	1	16
Studiespesialisering ST-FO	1	Studiespes. - formgjeving						1			1			2
	2	Studiespes. - formgjeving						1			1			2
	3	Studiespes. - formgjeving						1			1			2
Bygg- og anleggsteknikk BA	1	Bygg- og anleggsteknikk		4			2		2			1	1	10
	2	Anleggsteknikk		1			1							2
	2	Byggteknikk		2			1		1			1	1	6
	2	Klima, energi og miljøteknikk		1					1					2
Design og Handverk DH	1	Design og Handverk									2			2
	2	Interiør og utstillingsdesign									1			1
	2	Frisør			1									1
Elektrofag EL	1	Elektrofag	1	2	1		2		2		2			10
	2	Automatisering	1											1
	2	Data og elektronikk		1			1		1		1			4
	2	Elenergi		1	1		1				1			4
	3	Automatiseringsfaget	1											1
	3	Dataelektronikarfaget		1							1			2
Helse og Oppvekstfag HO	1	Helse og oppvekstfag		2		1	3		2			1	1	10
	2	Ambulansefag					0,5							0,5
	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag		1			1		1			1		4
	2	Helsearbeiderfag		1		1	1		1				1	5
	2	Helseservicefag					0,5							0,5
	1-4	TAF- HO alle nivå										2		2
Medium og kommunikasjon MK	1	Medium og kommunikasjon		1				1						2
	2	Medium og kommunikasjon		1				1						2
Naturbruk NA	1	Naturbruk					1					1		2
	1	Naturbruk med hest					1							1
	2	Akvakultur										0,5		0,5
	2	Fiske og fangst										0,5		0,5
	2	Heste- og hovslagerfag					1							1
	2	Landbruk og gartnarnæring					1							1
	3	Landbruk					1							1
	3	Naturbruk (studieførebuande)					1							1
Restaurant og matfag RM	1	Restaurant og matfag		1			2					1		4
	2	Kokk og servertørfag		1			2					1		4
Service og samferdsel SS	1	Service og samferdsel	1	2			1						1	6
	2	IKT-servicefag							1					1
	2	Sal, service og tryggleik	1	1			2						1	5
	2	Transport og logistikk		1			1						1	3
Teknikk og industriell produksjon	1	Teknikk og ind. prod.	1	2	1	1	4		3		3	2		17
	2	Bilskade, lakk og karosseri					1							1
	2	Brønnteknikk							1					1
	2	Køretøy		1			1					1		3
	2	Industriell møbelproduksjon									1			1
	2	Kjemiprosess	1											1
	2	Industriteknologi	2		1	1	1		2		1	1		9
	2	Maritime fag										2		2
	1-4	TAF- TIP alle nivå										2		2
Påbygg Generell studiekompetanse	3	Påbygg gen. Studiekompetanse	1			1		1	1		1			5
Total			13	40	8	8	35	18	29	12	20	21	10	214

2.1 Organisering av utdanningsprogram og programområde

2.1.1 Studiespesialisering (ST)

Tabell 2.1.1 Opplæringstilbudet for studiespesialisering

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1	3	1	1		4	2	1	1	1	1
	2	Studiespesialisering	1	3	1	1		4	2	1	1	1	1
	3	Studiespesialisering	1	3	1	1		4	2	1	1	1	1
	1	Studiespes.- formgjeving						1	1				
	2	Studiespes.- formgjeving						1	1				
	3	Studiespes.- formgjeving						1	1				

Tabell 2.1.1 syner fordeling av utdanningsprogrammet. Vg2 og vg3 er tilpassa kapasiteten på vg1. Alle gruppene er dimensjonerte med 30 elevar.

Studiespesialisering er skuleåret 2012/13 det største utdanningsprogrammet, med om lag 1600 elevplassar og 37 % av elevane. I skulebruksplanen er det tilbod ved Årdal, Sogndal, Høyanger, Dale, Hafstad, Flora, Eid, Firda, Måløy og Stryn vidaregåande skular. Samla blir tilbodet på 1710 elevplassar, 42 % av samla plasstal i planen. Delen elevar som får eit tilbod på studieførebuande utdanningsprogram er om lag som i dagens struktur.

2.1.1.1 Breidde på tilbodet i studiespesialisering

I skulebruksplanen er det sju skular som har tilbod om studiespesialisering med berre ei gruppe på kvart nivå. Elevane må kunne velje programfag som gir spesiell studiekompetanse, dvs. matematikk, fysikk og kjemi.¹ Skulane må i tillegg kunne tilby fag for dei som ynskjer generell studiekompetanse. Kravet er 2 programfag som byggjer på kvarandre over to år, med tillegg av eitt programfag over to år eller to ulike programfag, kvar på eitt år. På vg2 må skulen kunne tilby minimum 7 programfag, fire innanfor programområde for realfag og tre på språk- og samfunnsfag. På vg3 må det vere tilbod om tre programfag både på programområde for real-, språk – og samfunnsfag. Dette svarar til 13 fag over to år som eit minimumskrav.² Etter særskilt vedtak får skular med mindre enn tre grupper på kvart nivå i studiespesialisering i dag tildelt tilleggsressursar for å halde naudsynt breidde i opplæringstilbudet.³ For ein skule med ei gruppe på alle tre nivå kan årleg tillegg reknast til om lag 1,1 mill. kr. For ein skule med to grupper på kvart nivå er årleg tillegg om lag 0,5 mill. kr. Skulane får òg tillegg ved kombinasjonar av 1 og 2 grupper på ulike nivå.

Skular med studiespesialisering tilbyr i dag mellom 15 og 25 programfag på 5 veketimar over to år. Tilleggsressursane til skular med tre eller færre grupper på studiespesialisering svarar til 6 programfag over to år, ut over minimumskravet. Det er stor spreing med omsyn til kva programfag skulane tilbyr. Det er mogeleg å velje fag frå andre utdanningsprogram, som idrettsfag, medium og kommunikasjon og musikk, dans, drama. Det vil bidra til ein reel valfridom

¹ Eid vidaregåande skule vil ha ei gruppe ordinær studiespesialisering og ei gruppe studiespesialisering med formgjeving.

² http://www.samordnaopptak.no/info/generell-studiekompetanse/opptakskrav/spesielle_opptakskrav/index.html

³ Hovudutval for undervisning sak 8/96

for elevar i val av programfag på skular med få grupper studiespesialisering. Samstundes vil dette gjere at ein kan nytte fagkompetansen i desse faga.

2.1.1.2 Studiespesialisering med formgjevingsfag (ST- FO)

Studiespesialisering med formgjevingsfag er ikkje eit eige utdanningsprogram. På vg2 og vg3 nivå er formgjevingsfag programområde på line med realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi.

Tilbodet er lite både på landsbasis og her i fylket. Med bakgrunn i mellom anna dei låge søkjartala blir det i Meld. St. 20 «På rett vei» (2012-2013:119) foreslått:

Det er viktig at estetiske fag inngår i den samlede tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring. Formgivningsfag skal primært vere en forberedelse til høgere kunst- og design utdanninger, der opptak skjer på grunnlag av både formalkompetanse (generell studiekompetanse) og opptakspøve. Departementet foreslår at formgivningsfag blir et eget studieforberedende utdanningsprogram, og departementet vil ta initiativet til en gjennomgang av fag, innhold og innretning på tilbudet.

Studiespesialisering med formgjevingsfag blir tilbod ved Hafstad og Eid vidaregåande skular .

2.1.1.3 Påbygging til generell studiekompetanse

Tabell 2.1.1.3 Opplæringstilbodet for programområdet påbygging til generell studiekompetanse

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Påbygging til generell studiekomp. PB	3	Påbygging til generell studiekomp. PB	1			1		1	1		1		

I skulebruksplanen er det eit tilbod i påbygg til generell studiekompetanse på Årdal, Dale, Hafstad, Flora og Eid vidaregåande skular.

2.1.2 Idrettsfag (ID)

Tabell 2.1.2 Opplæringstilbudet for idrettsfag

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyane inkl. avd. Mo	Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Idrettsfag ID	1	Idrettsfag		1						1	1			
	2	Idrettsfag		1						1	1			
	3	Idrettsfag		1						1	1			

8,7 % av elevane i fylket går på idrettsfag, og det er skuleåret 2012/13 det tredje største utdanningsprogrammet. Fire skular har hatt dette tilbudet.

I skulebruksplanen er idrettsfag tilbod ved tre skular, Sogndal, Flora og Firda vidaregåande skular.

2.1.3 Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Tabell 2.1.3 Opplæringstilbudet for teknikk og industriell produksjon

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	1	2	1	1	4		3		3	2	
	2	Bilskade, lakk og karosseri					1						
	2	Brønnteknikk						1					
	2	Køyretøy		1			1					1	
	2	Industriell møbelproduksjon									1		
	2	Kjemiprosess	1										
	2	Industriteknologi	2		1	1	1		2		1	1	
	2	Maritime fag										2	
	1-4	TAF- TP alle nivå										2	
Fylkesdekkjande tilbud er markert med gult													

Utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon er skuleåret 2012/13 det største yrkesfaglege utdanningsprogrammet, med 9,7 % av elevane. I tillegg kjem tilbudet om TAF – tekniske og allmenne fag. I Sogn og Fjordane har det vore tilbod om sju programområde på vg2-nivå fram til i dag, og med brønnteknikk som nytt tilbod frå hausten 2013. Dei fleste programområda er fylkesdekkjande. Det største programområdet, industriteknologi, har åleine utgjort om lag halvparten av gruppene på vg2.

I skulebruksplanen er det tilbod om teknikk og industriell produksjon ved åtte skular. Dei fylkesdekkjande tilboda vg2 maritime fag, vg2 kjemiprosess, vg2 brønnteknikk og vg2 industriell møbelproduksjon er ved Måløy, Årdal, Flora og Eid vidaregåande skular. Det er god søking og god tilgang på læreplassar.

Vg2 bilskade, lakk og karosseri er lagt til Øyrane vidaregåande skule under føresetnad av at den praktiske delen av opplæringa kan løysast i samarbeid med næringslivet/bransjen. Om slike løysingar ikkje er moglege, vil fylkeskommunen vurdere å kjøpe plass i andre fylke.

Vg2 køyretøy er lagt til Måløy, Øyrane og Sogndal vidaregåande skular. Programområdet rekrutterer til bilfaga og til motormekanikarfaget.

Vg2 industriteknologi er lagt til Årdal, Høyanger, Dale, Øyrane, Flora, Eid og Måløy vidaregåande skular. To av skulane vil ha to grupper i programområdet.

Vg2 arbeidsmaskiner er eit fag med få nye lærekontraktar kvart år, fylkeskommunen vil vurdere å kjøpe plass i andre fylke.

2.1.3.1 Teknisk allmennfag (TAF)

Tekniske og allmenne fag (TAF) er ei opplæring over 4 år, som fører til både generell/spesiell studiekompetanse og fagbrev. Opplæringa skjer i ein kombinasjon av teoretisk opplæring på den vidaregåande skulen og praksis/lærlingordning i bedrift. TAF vart etablert for at skuleflinke elevar i større grad skal velje utdanning og arbeid innanfor yrkesfaga. Det er krav om at elevane på TAF har minst karakteren fire i matematikk og naturfag frå grunnskulen.

I skulebruksplanen er TAF-tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vidareført. Kostnadene med TAF-tilbodet er vesentleg høgare enn for ordinære plassar i teknikk og industriell produksjon og i studiespesialisering. Med bakgrunn i dette blir ikkje TAF-tilbodet utvida.

2.1.4 Helse- og oppvekstfag (HO)

Tabell 2.1.4 Opplæringstilbudet for helse- og oppvekstfag

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Helse- og oppvekstfag HO	1	Helse- og oppvekstfag		2		1	3		2			1	1
	2	Ambulansefag					0,5						
	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag		1			1	1				1	
	2	Helsearbeiderfag		1	1	1	1	1					1
	2	Helseservicefag					0,5						
	1-4	TAF- HO alle nivå										2	

Fylkesdekkjande tilbud er markert med gult

Helse- og oppvekstfag er skuleåret 2012/13 det fjerde største utdanningsprogrammet, med 7,4 % av elevane i fylket. Utdanningsprogrammet har vore tilbud ved ni skular, trass i at søkinga til fleire av dei har vore låg. Dei fleste skulane har hatt ei gruppe vg1 og ei gruppe vg2. På vg2 nivå har det vore tilbud om ambulansefag, barne- og ungdomsarbeiderfag, helsearbeiderfag og helseservicefag.

I skulebruksplanen er det tilbud om helse- og oppvekstfag ved seks skular. Tre av skulane har tilbud om meir enn ei gruppe på vg1, og desse vil ha tilbud om både helsearbeiderfag og barne- og ungdomsarbeiderfag på vg2. Samstundes vil ingen av skulane ha tilbud om meir enn ei gruppe vg2 helsearbeiderfag, noko som er sårbart i høve svingingar i søkjartalet.

Vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag er tilbud ved Sogndal, Øyrane, Flora og Måløy vidaregåande skular.

Vg2 ambulansefag er fylkesdekkjande tilbud ved Øyrane vidaregåande skule. Dette vil ikkje ha konsekvensar for fagopplæringa, då Helse Førde organiserer alle læreplassane i faget.

Vg2 helseservicefag er vidareført som fylkesdekkjande tilbud på Øyrane vidaregåande skule.

2.1.4.1 Teknisk allmennfag (TAF)

TAF helse- og oppvekst ved Måløy vidaregåande skule blir vidareført. Jamfør omtale av TAF i kapittel 3.1.2.

2.1.5 Bygg- og anleggsteknikk (BA)

Tabell 2.1.5 Opplæringstilbudet for bygg- og anleggsteknikk

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Bygg- og anleggsteknikk BA	1	Bygg og anleggsteknikk		4			2		2			1	1
	2	Anleggsteknikk		1			1						
	2	Byggteknikk		2			1		1			1	1
	2	Klima, energi og miljøteknikk		1					1				

Utdanningsprogrammet utgjør skuleåret 2012/13 6,4 % av elevane, og er det femte største. Seks skular har gitt tilbud. Det største programområdet, byggteknikk, har åleine utgjort om lag to tredjedelar av gruppene, med over halvparten av elevane på vg2.

I skulebruksplanen er det tilbud om utdanningsprogrammet ved Sogndal, Øyrane, Flora, Måløy og Stryn vidaregåande skular. Vg2 byggteknikk er tilbud ved alle skulane med vg1.

Vg2 anleggsteknikk er tilbud ved Sogndal og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo.

Vg2 klima, energi og miljøteknikk er tilbud ved Sogndal og Flora vidaregåande skular.

2.1.6 Elektrofag (EL)

Tabell 2.1.6 Opplæringstilbudet for elektrofag

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Elektrofag EL	1	Elektrofag	1	2	1		2		2				
	2	Automatisering	1										
	2	Data og elektronikk		1			1		1		1		
	2	Elenergi		1	1		1				1		
	3	Automatiseringsfaget	1										
	3	Dataelektronikarfaget		1							1		
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult													

6,5 % av elevane i fylket går på elektrofag skuleåret 2012/13. Sju skular har gitt tilbod om utdanningsprogrammet.

Det største programområdet, elenergi, har utgjort om lag halvparten av gruppene på vg2. Elenergi har vore tilbod ved fem skular, med ei gruppe kvar.

I skulebruksplanen er utdanningsprogrammet tilbod ved Sogndal, Årdal, Høyanger, Øyrane, Flora og Eid vidaregåande skular. Fire av skulane har tilbod om to grupper på vg1. Ingen av skulane tilbyr fleire grupper elenergi. Programområda vg2 automatisering og vg3 automasjon er fylkesdekkjande tilbod ved Årdal vidaregåande skule. Automatiseringsfaget har vore eit fylkesdekkjande tilbod i lang tid, og faget har rekruttert søkjarar frå heile fylket.

Vg3 dataelektronikarfaget er tilbod ved Sogndal og Eid vidaregåande skular.

2.1.7 Medium og kommunikasjon (MK)

Tabell 2.1.7 Opplæringstilbudet for medium og kommunikasjon

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Medium og kommunikasjon MK	1	Medium og kommunikasjon		1				1					
	2	Medium og kommunikasjon		1				1					

Medium og kommunikasjon er eit yrkesfagleg utdanningsprogram som skuleåret 2012/13 har 3,2 % av elevane. Tre skular har til no hatt tilbod om dette. Etter vg2 går alle elevane til vg3 medium og kommunikasjon eller til påbygging til generell studiekompetanse. Det er få læreplassar på landsbasis, og ingen i Sogn og Fjordane.

I skulebruksplanen er medium og kommunikasjon tilbod ved Sogndal og Hafstad vidaregåande skular.

Skilnadene mellom vg3 medium og kommunikasjon studieførebuande og vg3 påbygging til generell studiekompetanse er ikkje store. Førstnemnde har mediefag som programfag, medan påbygging tilbyr ei rekkje programfag. Det vil gje betre kapasitetsutnytting å tilby søkjarar frå vg2 medium og kommunikasjon plass i ordinære påbyggingsgrupper i staden for på vg3 medium og kommunikasjon. Skulebruksplanen legg difor opp til dette.

2.1.8 Service og samferdsel (SS)

Tabell 2.1.8 Opplæringstilbudet for service og samferdsel

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Service og samferdsel SS	1	Service og samferdsel	1	2			1						1
	2	IKT- servicefag							1				
	2	Sal, service og tryggleik	1	1			2						1
	2	Transport og logistikk		1			1						1
Fylkesdekkjande tilbud er markert med gult													

Service og samferdsel har skuleåret 2012/13 3,6 % av elevtalet i fylket. Seks skular har hatt tilbud om utdanningsprogrammet. Det største programområdet, sal, service og tryggleik, har utgjort om lag halvparten av gruppene på vg2.

Vg2 IKT- servicefag er programområde under service og samferdsel, men med kryssløp frå vg1 i alle utdanningsprogram. I skulebruksplanen er IKT-servicefaget framleis eit fylkesdekkjande tilbud, med ei gruppe på Flora vidaregåande skule.

Til vg2 transport og logistikk er det kryssløp frå vg1 teknikk og industriell produksjon. Søkjartala syner at fleirtalet av søkjarane kjem frå dette utdanningsprogrammet. Plasstalet på transport og logistikk må vurderast saman med tilbudet på vg1 og vg2 teknikk og industriell produksjon. I skulebruksplanen er tilbudet lokalisert til Sogndal, Øyrane og Stryn vidaregåande skular.

I skulebruksplanen er det tilbud om vg2 sal, service og tryggleik ved Årdal, Sogndal, Øyrane og Stryn vidaregåande skular.

Vg2 reiseliv er eit fag med få nye lærekontraktar kvart år, fylkeskommunen vil vurdere å kjøpe plass i andre fylke.

2.1.9 Restaurant- og matfag (RM)

Tabell 2.1.9 Opplæringstilbudet for restaurant- og matfag

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Ardal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Restaurant- og matfag RM	1	Restaurant- og matfag		1			2					1	
	2	Kokk- og servitørfag		1			2					1	

Restaurant- og matfag har skuleåret 2012/13 2,8 % av elevtalet i fylket. Fire skular har hatt tilbud om utdanningsprogrammet, tre av desse har hatt ei gruppe på vg1-nivå.

I skulebruksplanen gir Sogndal, Øyrane og Måløy vidaregåande skular tilbud om vg1 og vg2 kokk- og servitørfag. På Øyrane vidaregåande skule vil ein ha to grupper på begge nivåa, Sogndal og Måløy vil ein framleis berre ha ei gruppe på kvart nivå.

Vg2 matfag har vore eit fylkesdekkjande tilbud med varierende søking over lang tid, fylkeskommunen vil vurdere å kjøpe plass i andre fylke.

2.1.10 Naturbruk (NA)

Tabell 2.1.10 Opplæringsstilbudet for naturbruk

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Naturbruk NA	1	Naturbruk					1					1	
	1	Naturbruk med hest					1						
	2	Akvakultur										0,5	
	2	Fiske og fangst										0,5	
	2	Heste- og hovslagerfag					1						
	2	Landbruk og gartnarnæring					1						
	3	Landbruk					1						
	3	Naturbruk (studieførebuande)					1						
Fylkesdekkjande tilbud er markert med gult													

Naturbruk er eit lite utdanningsprogram, og har skuleåret 2012/13 2,1 % av elevtalet i fylket.

I skulebruksplanen er det ingen endringar i organiseringa av dette utdanningsprogrammet. På Måløy vidaregåande skule er det tilbod om ei gruppe på vg1 og vg2 akvakultur og vg2 fiske og fangst. På Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo er det tilbod om to grupper vg1, naturbruk og naturbruk med hest. På vg2 har skulen tilbod om landbruk og gartnarnæring, og heste- og hovslagarfaget. På vg3 er det tilbod om landbruk og studiespesialiserande naturbruk.

Fylkesdekkjande utdanningsprogram

Tilbod som berre er på ein vidaregåande skule er rekna som fylkesdekkjande. Når eit samla utdanningsprogram berre er på ein skule er utdanningsprogrammet fylkesdekkjande.

2.1.11 Design og handverk (DH)

Tabell 2.1.11 Opplæringstilbodet for design og handverk

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Styn
Design og handverk BA	1	Design og handverk									2		
	2	Interiør og utstillingsdesign									1		
	2	Frisør			1								
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult													

Utdanningsprogrammet er lite, og har skuleåret 2012/13 2,3 % av elevane. Fire skular har hatt tilbod om utdanningsprogrammet, men ingen med meir enn eitt vg2 tilbod.

Utdanningsprogrammet rekrutterer, med unntak av frisørfaget, i svært liten grad til lærefag. Dimensjonering og lokalisering av tilbodet har difor liten innverknad på arbeids- og næringsliv i fylket. Både frå vg2 design og tekstil og vg2 interiør og utstillingsdesign går nær alle elevane over til vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

I skulebruksplanen er største delen av utdanningsprogrammet samla på Eid vidaregåande skule, med vg1 design og handverk, vg2 interiør og utstillingsdesign. Saman med studiespesialisering med formgjeving gir dette eit fagmiljø. Eid vidaregåande skule har kompetanse og lokalitetar til alle tilboda, med unntak av vg2 frisør. Samarbeidet med Opera Nordfjord gir eit godt grunnlag for utvikling av utdanningsprogrammet. Programområdet Vg2 frisør er lokalisert til Høyanger vidaregåande skule. Vg2 frisør rekrutterer frå heile fylket, og lokaliseringa av tilbodet har ikkje påverka rekrutteringa til lærefaget.

Vg2 design og tekstil er eit fag med få nye lærekontraktar kvart år, fylkeskommunen vil vurdere å kjøpe plass i andre fylke.

2.1.12 Musikk, dans og drama (MD)

Tabell 2.1.12 Opplæringstilbudet for musikk, dans og drama

Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Årdal	Sogndal	Høyanger	Dale	Øyrane inkl. avd. Mo	Hafstad	Flora	Firda	Eid	Måløy	Stryn
Musikk, dans og drama MD	1	Musikk								1			
		Dans								0,5			
		Drama								0,5			
	2	Musikk								1			
		Dans								0,5			
		Drama								0,5			
	3	Musikk								1			
		Dans								0,5			
		Drama								0,5			

Fylkesdekkjande tilbud er markert med gult

Utdanningsprogrammet er eit fylkesdekkjande tilbud ved Firda vidaregåande skule som skuleåret 2012/13 har om lag 3 % av elevane.

I skulebruksplanen er tilbudet vidareført som i dag, med ei gruppe musikk og 0,5 gruppe dans og 0,5 gruppe drama på alle tre nivå.

2.2 Opplæringstilbudet ved dei vidaregåande skulane

Kapittelet viser organiseringa for kvar av dei vidaregåande skulane. Det går og fram kva utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved dei enkelte skulane.

Fylkestinget sitt vedtak om skulebruksplan er primært vedtak om organisering av vidaregåande opplæring fram til 2024. For å synleggjere organisering innafor ei økonomisk ramme inneheld planen ei tenkt fordeling av grupper for skuleåret 2016-2017.

Opplæringstilbudet skal framleis lysast ut og justerast årleg som fylgje av endra behov i arbeidslivet og endra elevsøking. Myndet til å gjere vedtak om opplæringstilbudet er delegert til hovudutval for opplæring (fylkestingsvedtak 16.10.12, sak 43/12).

Ut frå venta elevtal må talet grupper vere noko høgare skuleåra 2014/15 og 2015/16 enn i skuleåret 2016/17. Tilsvarende kan gruppetalet truleg reduserast med sju grupper frå 2016 til 2020. I perioden 2020 til 2024 er det venta relativt stabilt elevtal.

2.2.1 Årdal vidaregåande skule

Tabell 2.2.1 Opplæringstilbodet ved Årdal vidaregåande skule

Årdal vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1
	2	Studiespesialisering	1
	3	Studiespesialisering	1
Elektrofag EL	1	Elektrofag	1
	2	Automatisering	1
	3	Automatiseringsfaget	1
Service og samferdsel SS	1	Service og samferdsel	1
	2	Sal, service og tryggleik	1
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	1
	2	Kjemiprosess	1
	2	Industrieteknologi	2
Påbygging til studiekomp PB	3	Påbygging til studiekomp	1
SUM			13
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult			

Skulen har fem utdanningsprogram og 203 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om studiespesialisering, elektrofag, service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon. I tillegg er påbygging til generell studiekompetanse nytt programområde ved skulen. Samla blir tilbodet på 13 grupper og 234 elevplassar.

Studiespesialisering er vidareført som i dag. Programområdet vg3 påbygging til generell studiekompetanse vil bidra til å skape eit større fagmiljø.

Elektrofag er vidareført som i dag, med ei gruppe vg1 og fylkesdekkjande tilbod på vg2 automatisering og vg3 automatiseringsfaget.

Utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon er vidareført med ei gruppe vg1, to grupper vg2 industrieteknologi og det fylkesdekkjande tilbodet vg2 kjemiprosess.

Service og samferdsle er vidareført som i dag med ei gruppe vg1 og vg2 sal, service og tryggleik.

Utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved skulen

Helse- og oppvekstfag blir i indre Sogn samla ved Sogndal vidaregåande skule.

2.2.2 Sogndal vidaregåande skule

Tabell 2.2.2 Opplæringstilbodet ved Sogndal vidaregåande skule

Sogndal vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Idrettsfag ID	1	Idrettsfag	1
	2	Idrettsfag	1
	3	Idrettsfag	1
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	3
	2	Studiespesialisering	3
	3	Studiespesialisering	3
Bygg- og anleggsteknikk BA	1	Bygg og anleggsteknikk	4
	2	Anleggsteknikk	1
	2	Byggteknikk	2
	2	Klima, energi og miljøteknikk	1
Elektrofag EL	1	Elektrofag	2
	2	Data og elektronikk	1
	2	Elenergi	1
	3	Dataelektronikarfaget	1
Helse- og oppvekstfag HO	1	Helse- og oppvekstfag	2
	2	Barne- og ungdomsarbeidar	1
	2	Helsearbeiderfag	1
Medium og kommunikasjon MK	1	Medium og kommunikasjon	1
	2	Medium og kommunikasjon	1
Restaurant- og matfag RM	1	Restaurant- og matfag	1
	2	Kokk- og servitørfag	1
Service og samferdsel SS	1	Service og samferdsel	2
	2	Sal, service og samferdsel	1
	2	Transport og logistikk	1
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	2
	2	Køyretøy	1
SUM			40

Skulen har sju utdanningsprogram og 759 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om idrettsfag, studiespesialisering, bygg- og anleggsteknikk, elektrofag, helse- og oppvekstfag og teknikk og industriell produksjon. Samla blir tilbodet på 40 grupper og 792 elevplassar.

Idrettsfag vert vidareført med ei gruppe på kvart nivå.

Studiespesialisering er vidareført med tre grupper på kvart nivå. Skulen vil kunne tilby eit relativt breitt tilbod av programfag.

Bygg- og anleggsteknikk er vidareført med fire grupper på vg1, tre grupper vg2 byggteknikk, ei gruppe anleggsteknikk og ei gruppe i vg2 klima, energi og miljøteknikk.

Elektrofag er vidareført med to grupper vg1 og ei gruppe vg2 elenergi, ei gruppe vg1 data og elektronikk og ei gruppe vg3 dataelektronikarfaget.

Helse- og oppvekstfag blir nytt utdanningsprogram ved skulen. Det er tilbod om to grupper på vg1, ei gruppe vg2 helsearbeidarfag og ei gruppe vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag.

Tilbodet i service og samferdsel blir vidareført med vg1, vg2sal, service og samferdsel og vg2 transport og logistikk. Til vg2 transport og logistikk er det kryssløp frå vg1 teknikk og industriell produksjon. Søkjartala syner at fleirtalet av søkjarane kjem frå dette utdanningsprogrammet.

Teknikk og industriell produksjon er vidareført med to grupper på vg1 og ei gruppe vg2 køyretøy.

2.2.3.Høyanger vidaregåande skule

Tabell 2.2.3 Opplæringstilbodet ved Høyanger vidaregåande skule

Høyanger vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1
	2	Studiespesialisering	1
	3	Studiespesialisering	1
Design og handverk BA	2	Frisør	1
Elektrofag EL	1	Elektrofag	1
	2	Elenergi	1
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	1
	2	Industrieteknologi	1
SUM			8
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult			

Skulen har fem utdanningsprogram og 158 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om studiespesialisering, elektrofag, teknikk og industriell produksjon og programområde vg2 frisør frå utdanningsprogrammet design og handverk. Samla blir tilbodet på 8 grupper og 150 elevplassar.

Studiespesialisering blir vidareført med ei gruppe på kvart nivå.

Elektrofag blir vidareført ved vg1 og vg2 elenergi.

Teknikk og industriell produksjon er vidareført med vg1 og vg2 industrideknologi.

Innan design og handverk blir vg2 frisør vidareført.

Utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved skulen

Helse- og oppvekstfag blir ikkje vidareført.

2.2.4 Dale vidaregåande skule

Tabell 2.2.4 Opplæringstilbodet ved Dale vidaregåande skule

Dale vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1
	2	Studiespesialisering	1
	3	Studiespesialisering	1
Helse- og oppvekstfag HO	1	Helse- og oppvekstfag	1
	2	Helsearbeiderfag	1
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	1
	2	Industriteknologi	1
Påbygging til generell studiekomp. PB	3	Påbygging til gen.studiekomp.	1
SUM			8

Skulen har fire utdanningsprogram og 165 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om studiespesialisering, helse- og oppvekstfag og teknikk og industriell produksjon. I tillegg er påbygging til generell studiekompetanse nytt programområde ved skulen. Samla blir tilbodet på 8 grupper og 174 elevplassar.

Studiespesialisering er vidareført som i dag. Programområdet vg3 påbygging til generell studiekompetanse vil bidra til å skape eit større fagmiljø.

Helse- og oppvekstfag er vidareført med vg1 og vg2 helsearbeidarfag.

Teknikk og industriell produksjon er vidareført med vg1 og vg2 industriteknologi.

Utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved skulen

Tilbodet i bygg- og anleggsteknikk blir ikkje vidareført.

2.2.5 Øyrane vidaregåande skule, inkludert avd. Mo

Tabell 2.2.5 Opplæringstilbodet ved Øyrane vidaregåande skule, inkl. avd. Mo

Øyrane vidaregåande skule inkl. avd. Mo			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Bygg-og anleggsteknikk BA	1	Bygg og anleggsteknikk	2
	2	Anleggsteknikk	1
	2	Byggteknikk	1
Elektrofag EL	1	Elektrofag	2
	2	Data og elektronikk	1
	2	Elenergi	1
Helse- og oppvekstfag HO	1	Helse- og oppvekstfag	3
	2	Ambulansefag	0,5
	2	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1
	2	Helsearbeiderfag	1
	2	Helseservicefag	0,5
Naturbruk NA	1	Naturbruk	1
	1	Naturbruk med hest	1
	2	Heste- og hovslagerfag	1
	2	Landbruk og gartnarnæring	1
	3	Landbruk	1
Restaurant- og matfag RM	1	Restaurant- og matfag	2
	2	Kokk- og servitørfag	2
	1	Service og samferdsel	1
	2	Sal, service og tryggleik	2
Service og samferdsel SS	2	Transport og logistikk	1
	1	Teknikk og ind. prod.	4
	2	Bilskade, lakk og karosseri	1
Teknikk og industriell produksjon TP	2	Køyretøy	1
	2	Industriteknologi	1
	SUM		
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult			

Skulen har seks utdanningsprogram og 355 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om bygg- og anleggsteknikk, elektrofag, helse- og oppvekstfag, naturbruk, restaurant og matfag, service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon. Samla blir tilbodet på 35 grupper og 450 elevplassar.

Service og samferdsel er, med unntak av programområdet vg2 transport og logistikk, nytt utdanningsprogram ved skulen. Tilbodet er to grupper vg1 og to grupper vg2 sal, service og tryggleik. Plasstalet på vg2 transport og logistikk må vurderast saman med tilbodet på vg1 og vg2 teknikk og industriell produksjon.

Helse- og oppvekstfag er vidareført med tre grupper på vg1 og med fire programområde på vg2. Vg2 ambulansefag er eit nytt fylkesdekkjande tilbod ved skulen, med ei halv gruppe. Tilbodet i ambulansefag kan kombinerast med ei halv gruppe vg2 helseservicefag.

Restaurant- og matfag er vidareført med to grupper vg1 og to grupper vg2 kokk og servitørfag.

Vg2 matfag har tidlegare vore eit fylkesdekkjande tilbod ved skulen. Interessa for matfaget har vore så lita over tid at fylkeskommunen no vil vurdere å kjøpe plassar i andre fylke.

Teknikk og industriell produksjon er vidareført med fire grupper på vg1 og tre grupper på vg2. Vg2 bilskade, lakk og karosseri er nytt fylkesdekkjande tilbod ved skulen. I tillegg vil det vere tilbod om ei gruppe vg2 industrideknologi og ei gruppe vg2 køyretøy. Kapasiteten på vg1 må vurderast saman med talet fylkesdekkjande tilbod på vg2 og tilbodet om vg2 transport og logistikk.

Utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk blir flytta til avdeling Mo, og vidareført med to grupper vg1 og ei gruppe vg2 byggteknikk og ei gruppe vg2 anleggsteknikk.

Elektrofag blir vidareført med to grupper vg1 og ei gruppe vg2elenergi og ei gruppe vg2 data og elektronikk. Vg3 dataelektronikarfaget blir ikkje vidareført ved skulen,

Utdanningsprogrammet naturbruk er vidareført ved avdeling Mo som i dag med vg1 naturbruk med hest, vg1 naturbruk, vg2 heste- og hovslagerfag, vg2 landbruk og gartnarnæring, vg3 landbruk og vg3 naturbruk studieførebuande.

2.2.6 Hafstad vidaregåande skule

Tabell 2.2.6 Opplæringstilbodet ved Hafstad vidaregåande skule

Hafstad vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	4
	2	Studiespesialisering	4
	3	Studiespesialisering	4
	1	Studiespes.- formgjeving	1
	2	Studiespes.- formgjeving	1
	3	Studiespes.- formgjeving	1
Medium og kommunikasjon MK	1	Medium og kommunikasjon	1
	2	Medium og kommunikasjon	1
Påbygging til generell studiekomp. PB	3	Påbygging til gen.studiekomp.	1
SUM			18

Skulen har tre utdanningsprogram og 441 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om studiespesialisering, studiespesialisering med formgjeving og medium og kommunikasjon. Samla blir tilbodet på 18 grupper og 510 elevplassar.

Medium og kommunikasjon er nytt tilbod ved skulen.

Studiespesialisering er vidareført med fire grupper på kvart nivå. Skulen vil kunne gje eit breitt tilbod av programfag.

Studiespesialisering med formgjevingsfag bli nytt tilbod med ei gruppe på kvart nivå.

Utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved skulen

Service og samferdsel blir ikkje vidareført som tilbod på skulen.

2.2.7 Flora vidaregåande skule

Tabell 2.2.7 Opplæringstilbodet ved Flora vidaregåande skule

Flora vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Idrettsfag ID	1	Idrettsfag	1
	2	Idrettsfag	1
	3	Idrettsfag	1
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	2
	2	Studiespesialisering	2
	3	Studiespesialisering	2
Bygg-og anleggsteknikk BA	1	Bygg og anleggsteknikk	2
	2	Byggteknikk	1
	2	Klima, energi og miljøteknikk	1
Elektrofag EL	1	Elektrofag	2
	2	Data og elektronikk	1
Helse- og oppvekstfag HO	1	Helse- og oppvekstfag	2
	2	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1
	2	Helsearbeiderfag	1
Service og samferdsel SS	1	Service og samferdsel	1
	2	IKT- servicefag	1
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	3
	2	Brønnteknikk	1
	2	Industrieteknologi	2
Påbygg generell studiekompetanse	3	Påbygg gen. Studiekompetanse	1
SUM			29
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult			

Skulen har sju utdanningsprogram og 531 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om idrettsfag, studiespesialisering, bygg- og anleggsfag, elektrofag, helse- og oppvekstfag, service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon. Samla blir tilbodet på 29 grupper og 546 elevplassar.

Studiespesialisering er vidareført med to grupper på kvart nivå. Vg3 påbygging til generell studiekompetanse blir og vidareført.

Idrettsfag blir vidareført med ei gruppe på kvart nivå.

Bygg og og anleggsteknikk blir vidareført med to grupper vg1 og 1gruppe vg2 byggteknikk og ei gruppe vg2 klima, energi og miljøteknikk.

Elektrofag er vidareført, med to grupper på vg1 og ei gruppe vg2 data og elektronikk.

Helse- og oppvekstfag er vidareført med to grupper vg1 og ei gruppe vg2 helsearbeidarfag og ei gruppe vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag.

Service og samferdsel blir vidareført med ei gruppe vg1 og det fylkesdekkjande tilbodet i vg2 IKT-servicefag

Teknikk og industriell produksjon er vidareført med tre grupper vg1, ei gruppe fylkesdekkjande vg2 brønnteknikk og to grupper vg2 industriteknologi.

2.2.8 Firda vidaregåande skule

Tabell 2.2.8 Opplæringstilbodet ved Firda vidaregåande skule

Firda vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Idrettsfag ID	1	Idrettsfag	1
	2	Idrettsfag	1
	3	Idrettsfag	1
Musikk, dans og drama MD	1	Musikk, dans og drama	2
	2	Musikk, dans og drama	2
	3	Musikk, dans og drama	2
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1
	2	Studiespesialisering	1
	3	Studiespesialisering	1
SUM			12
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult			

Skulen har fem utdanningsprogram og 371 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om idrettsfag, studiespesialisering og musikk, dans og drama. Samla blir tilbodet på 12 grupper og 324 elevplassar.

Studiespesialisering er vidareført med ei gruppe på kvart nivå.

Idrettsfag er vidareført med ei gruppe på kvart nivå.

Musikk, dans og drama er vidareført som fylkesdekkjande tilbod.

Utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved skulen

Medium og kommunikasjon blir ikkje vidareført ved skulen.

Helse- og oppvekstfag blir ikkje vidareført som tilbod på skulen.

2.2.9 Eid vidaregåande skule

Tabell 2.2.9 Opplæringstilbodet ved Eid vidaregåande skule

Eid vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1
	2	Studiespesialisering	1
	3	Studiespesialisering	1
	1	Studiespes.- formgjeving	1
	2	Studiespes.- formgjeving	1
	3	Studiespes.- formgjeving	1
	Design og handverk BA	1	Design og handverk
2		Interiør og utstillingsdesign	1
Elektrofag EL	1	Elektrofag	2
	2	Data og elektronikk	1
	2	Elenergi	1
	3	Dataelektronikarfaget	1
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	3
	2	Industriell møbelproduksjon	1
	2	Industrieteknologi	1
Påbygging til generell studiekomp. PB	3	Påbygging til gen.studiekomp.	1
SUM			20
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult			

Skulen har fem utdanningsprogram og 359 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om studiespesialisering, studiespesialisering med formgjeving, , design og handverk, elektrofag, service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon. Samla blir tilbodet på 20 grupper og 463 elevplassar.

Studiespesialisering er vidareført med ei gruppe på kvart nivå. Samstundes er studiespesialisering med formgjeving nytt tilbod ved skulen. Programområdet vg3 påbygging til generell studiekompetanse vil bidra til å skape eit større fagmiljø.

Design og handverk er vidareført som fylkesdekkjande tilbod, med to grupper vg1 design og handverk og ei gruppe vg2 interiør og utstillingsdesign.

Elektrofag er vidareført med to grupper på vg1, ei gruppe vg2 data og elektronikk, ei gruppe vg2 elenergi og ei gruppe tilbod i vg3 dataelektronikarfaget.

Teknikk og industriell produksjon blir vidareført med tre grupper vg1, ei gruppe vg2 industrideknologi og det fylkesdekkjande tilbodet i vg2 industriell møbelproduksjon. Under føresetnad av godkjenning blir tilbodet landsdekkjande. Det er kryssløp til programområdet frå utdanningsprogramma design og handverk og bygg- og anleggsteknikk.

Utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved skulen
Service og samferdsel blir ikkje vidareført ved skulen.

2.2.10 Måløy vidaregåande skule

Tabell 2.2.10 Opplæringsstilbodet ved Måløy vidaregåande skule

Måløy vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1
	2	Studiespesialisering	1
	3	Studiespesialisering	1
Bygg- og anleggsteknikk BA	1	Bygg og anleggsteknikk	1
	2	Byggteknikk	1
Helse- og oppvekstfag HO	1	Helse- og oppvekstfag	1
	2	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1
	1-4	TAF- HO alle nivå	2
Naturbruk NA	1	Naturbruk	1
	2	Akvakultur	0,5
	2	Fiske og fangst	0,5
Restaurant- og matfag RM	1	Restaurant- og matfag	1
	2	Kokk- og servitørfag	1
Teknikk og industriell produksjon TP	1	Teknikk og ind. prod.	2
	2	Køyretøy	1
	2	Industrieteknologi	1
	2	Maritime fag	2
	1-4	TAF- TP alle nivå	2
SUM			21
Fylkesdekkjande tilbod er markert med gult			

Skulen har seks utdanningsprogram og 346 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om studiespesialisering, bygg- og anleggsteknikk, helse- og oppvekstfag, naturbruk, restaurant- og matfag og teknikk og industriell produksjon. Samla blir tilbodet på 21 grupper og 315 elevplassar.

Studiespesialisering og TAF-tilbodet er vidareført som i dag.

Bygg- og anleggsteknikk blir vidareført med ei gruppe vg1 og ei gruppe vg2byggteknikk.

Helse- og oppvekstfag er vidareført med ei gruppe på vg1 og ei gruppe vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. I tillegg er TAF-HO vidareført med ei halv gruppe på kvart nivå.

Naturbruk er vidareført med ei gruppe vg1 naturbruk og vg2 akvakultur og vg2 fiske og fangst.

Restaurant- og matfag er vidareført med ei gruppe på vg1 og på vg2 kokk- og servitørfag.

Teknikk og industriell produksjon blir vidareført med to grupper på vg1, ei gruppe vg2 køyretøy, ei gruppe vg2 industrieteknologi og to grupper fylkesdekkjande vg2 maritime fag. I tillegg er TAF-TIP vidareført med ei halv gruppe på kvart nivå.

2.2. 11 Stryn vidaregåande skule

Tabell 2.2.11 Opplæringstilbodet ved Stryn vidaregåande skule

Stryn vidaregåande skule			
Utdanningsprogram	Nivå	Programområde	Grupper
Studiespesialisering ST	1	Studiespesialisering	1
	2	Studiespesialisering	1
	3	Studiespesialisering	1
Bygg- og anleggsteknikk BA	1	Bygg og anleggsteknikk	1
	2	Byggteknikk	1
Helse- og oppvekstfag HO	1	Helse- og oppvekstfag	1
	2	Helsearbeiderfag	1
Service og samferdsel SS	1	Service og samferdsel	1
	2	Sal, service og tryggleik	1
	2	Transport og logistikk	1
SUM			10

Skulen har seks utdanningsprogram og 277 elevar skuleåret 2012/13. I skulebruksplanen har skulen tilbod om studiespesialisering, bygg- og anleggsteknikk, helse- og oppvekstfag og service og samferdsel. Samla blir tilbodet på 10 grupper og 180 elevplassar.

Studiespesialisering blir vidareført som i dag.

Bygg- og anleggsteknikk blir vidareført med ei gruppe vg1 og ei gruppe vg2 byggteknikk.

Helse- og oppvekstfag blir vidareført med ei gruppe vg1 og ei gruppe vg2 helsearbeidarfag.

Service og samferdsel er nytt tilbod ved skulen med ei gruppe vg, ei gruppe vg2 sal, service og sikkerhet og ei gruppe vg2 transport og logistikk.

Utdanningsprogram som ikkje blir vidareført ved skulen

Idrettsfag blir ikkje vidareført ved skulen.

Restaurant- og matfag blir ikkje vidareført ved skulen.

Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024.

Fylkestinget sitt vedtak i sak 26/13, møte 11.06.13

1. «Fylkestinget vedtek skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024 (vedlegg 1).
2. Fylkestinget vedtek såleis slik organisering av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane:
 - a. Årdal vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
 - studiespesialisering (vg1, vg2, vg3 og vg3 påbygging til generell studiekompetanse)
 - elektrofag (vg1, vg2 automatisering og vg3 automatiseringsfaget)
 - service og samferdsel (vg1 og vg2 sal, service og tryggleik)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1, vg2 kjemiprosess og vg2 industrideknologi)
 - b. Sogndal vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
 - studiespesialisering (vg1, vg2 og vg3)
 - bygg- og anleggsteknikk (vg1, vg2 byggtknikk, vg2 anleggsteknikk og vg2 klima, energi og miljøteknikk)
 - elektrofag (vg1, vg2 elenergi, vg2 data og elektronikk og vg3 dataelektronikarfaget)
 - helse- og oppvekstfag (vg1, vg2 helsearbeiderfag og vg2 barne- og ungdomsarbeider)
 - medium og kommunikasjon (vg1 og vg2)
 - restaurant- og matfag (vg1 og vg2 kokk- og servitørfag)
 - service og samferdsel (vg1, vg2 sal, service og tryggleik og vg2 transport og logistikk)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1 og vg2 køyretøy)
 - idrettsfag (vg1, vg2 og vg3)
 - c. Høyanger vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
 - studiespesialisering (vg1, vg2 og vg3)
 - elektrofag (vg1 og vg2 elenergi)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1 og vg2 industrideknologi)
 - design og handverk (vg2 frisør)
 - d. Dale vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
 - studiespesialisering (vg1, vg2, vg3 og vg3 påbygging til generell studiekompetanse)
 - helse- og oppvekstfag (vg1 og vg2 helsearbeiderfag)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1 og vg2 industrideknologi)
 - e. Mo og Jølster vidaregåande skule vert lagt ned. Avdeling Mo vert avdeling under Øyrane vidaregåande skule. Øyrane vidaregåande skule, inkludert avdeling Mo, får fylgjande tilbod:
 - naturbruk (vg1 naturbruk, vg1 naturbruk med hest, vg2 heste- og hovslagarfag, vg2 landbruk og gartnarnæring, vg3 landbruk og vg3 studiespesialisering med naturbruk)
 - bygg- og anleggsteknikk (vg1, vg2 anleggsteknikk og vg2 byggtknikk)
 - elektrofag (vg1, vg2 data og elektronikk og vg2 elenergi)
 - helse- og oppvekstfag (vg1, vg2 helsearbeiderfag, vg2 ambulansfag, vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og vg2 helseservicefag)
 - restaurant- og matfag (vg1 og vg2 kokk- og servitørfag)

- service og samferdsel (vg1, vg2 sal, service og tryggleik og vg2 transport og logistikk)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1, vg2 køyretøy og vg2 industrideknologi)
 - vg2 bilskade, lakk og karosseri vert nytt tilbod ved skulen om fylkesrådmannen finn løysingar saman med næringslivet/bransjen for den praktiske delen av opplæringa. Om ein ikkje får til slike løysingar blir det ikkje tilbod om vg2 bilskade, lakk og karosseri i eige fylke.
- f. Hafstad vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
- studiespesialisering (vg1, vg2, vg3 og vg3 påbygging til generell studiekompetanse)
 - studiespesialisering med formgjeving (vg1, vg2 og vg3)
 - medium og kommunikasjon (vg1 og vg2)
- g. Flora vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
- idrettsfag (vg1, vg2 og vg3)
 - studiespesialisering (vg1, vg2 og vg3 og vg3 påbygging til generell studiekompetanse)
 - bygg- og anleggsteknikk (vg1, vg2 byggtknikk og vg2 klima, energi og miljøteknikk)
 - elektrofag (vg1 og vg2 elenergi)
 - helse- og oppvekstfag (vg1, vg2 helsearbeidarfag og vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag)
 - service og samferdsel (vg1 og vg2 IKT-servicefag)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1, vg2 brønnteknikk og vg2 industrideknologi)
- h. Firda vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
- idrettsfag (vg1, vg2 og vg3)
 - studiespesialisering (vg1, vg2, vg3)
 - musikk, dans og drama (vg1, vg2 musikk, vg2 dans, vg2 drama, vg3 musikk, vg3 dans og vg3 drama)
- i. Eid vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
- studiespesialisering (vg1, vg2 og vg3 og vg3 påbygging til generell studiekompetanse)
 - studiespesialisering med formgjeving (vg1, vg2 og vg3)
 - design og handverk (vg1 og vg2 interiør og utstillingsdesign)
 - elektrofag (vg1, vg2 data og elektronikk, vg2 elenergi og vg3 dataelektronikarfaget)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1, vg2 industrideknologi og vg2 industriell møbelproduksjon)
- j. Måløy vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
- studiespesialisering (vg1, vg2 og vg3)
 - bygg- og anleggsteknikk (vg1 og vg2 byggtknikk)
 - helse- og oppvekstfag (vg1 og vg2 barne- og ungdomsarbeider)
 - naturbruk (vg1, vg2 akvakultur og vg2 fiske og fangst)
 - restaurant- og matfag (vg1 og vg2 kokk- og servitørfag)
 - teknikk og industriell produksjon (vg1, vg2 køyretøy, vg2 industrideknologi, vg2 maritime fag)
 - tekniske allmenne fag (TAF) blir vidareført som skildra i saksutgreiinga
- k. Stryn vidaregåande skule blir vidareført med fylgjande tilbod:
- studiespesialisering (vg1, vg2 og vg3)

- bygg- og anleggsteknikk (vg1 og vg2 byggteknikk)
 - helse- og oppvekstfag (vg1 og vg2 helsearbeiderfag)
 - service og samferdsel (vg1, vg2 sal, service og tryggleik og vg2 transport og logistikk)
3. Fylkestinget vedtek såleis å legge ned:
 - a. Luster vidaregåande skule
 - b. Mo og Jølster vidaregåande skule, avdeling Jølster
 4. Hordalandsavtalen skal vidareførast ut frå same prinsipp og kostnadsramme som i dag.
 5. Endra organisering av vidaregåande opplæring skal gjennomførast frå skuleåret 2014/15, dersom ikkje anna blir vedteke i samband med budsjett og økonomiplan.
 6. Det er ei målsetjing at oppfyltingsgraden skal vere så høg som mogleg. Det skal vere minimum 8 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på yrkesfaglege utdanningsprogram og minimum 20 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på studieførebuande utdanningsprogram frå skuleåret 2014/15.
 7. Hovudutvalet for opplæring skal framleis vedta det årlege opplæringstilbodet, i samsvar med delegerings- og innstillingsreglementet vedteke av fylkestinget 16.10.12 i sak 43/12.
 8. Fylgjande bygningsmessige endringar skal innarbeidast i budsjett 2014/økonomiplan 2014-17:
 - a. Ombygging av areal ved Sogndal vidaregåande skule til helse- og oppvekstfag.
 - b. Ombygging av areal ved Eid vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving..
 - c. Ombygging av areal ved Måløy vidaregåande skule til helse og oppvekst.
 - d. Nybygg på Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo, til verkstadhall og bygg- og anleggsteknikk.
 - e. Ombygging av areal ved Øyrane vidaregåande skule til service og samferdsel og helse og oppvekstfag
 - f. Nybygg ved Øyrane vidaregåande skule til deler av teknikk og industriell produksjon, vg2 transport og logistikk og vg2 ambulansesfag.
 - g. Nybygg ved Hafstad vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving.
 - h. Ombygging og tilpassing til utleige eller anna bruk for ledige areal ved Stryn vidaregåande skule, Firda vidaregåande skule, Dale vidaregåande skule og Høyanger vidaregåande skule
 9. Fylkesrådmannen får fullmakt til å byrje planlegging av bygningsmessige endringar som fylgje av skulebruksplanen. Fylkesrådmannen skal kome attende til naudsynte løyvingar per 2. tertial 2013.
 10. Areal til restaurant- og matfag i Sogndal skal sjåast i samanheng med planlagt byggetrinn II ved Sogndal vidaregåande skule. Prosjektet vert å handsame i Fylkestinget i oktober 2013.
 11. Fylkesutvalet får mynde til å selje, avhende eller leige ut fylkeskommunale bygg og eigedomar som vert ledige som fylgje av skulebruksplanen, i tråd med delegerings- og innstillingsreglementet vedteke av fylkestinget 16.10.12 i sak 43/12.

12. Dei økonomiske konsekvensane av skulebruksplanen skal innarbeidast i budsjett 2014/økonomiplan 2014-17.
13. I økonomiplanen for 2015-18 vert det førebels avsett 13-15 mill. kr til omstillingstiltak for overtalige tilsette i 2015. For påfølgjande år vert det førebels avsett 10-12 mill. kr og 8-10 mill. kr.
14. Mo og Øyrane vgs. vert slått saman, og Mo vert avdeling under Øyrane vgs. Bygg- og anleggsteknikk skal leggst til Mo. Det skal settast i verk eit utviklingsprosjekt for naturbruksutdanninga i nært samarbeid med fagлага i landbruket.
15. Ytterlegare innsparing skal vurderast i samband med budsjett/økonomiplan.
16. For programområde som blir avslutta på ein vidaregåande skule må det så langt som råd er lagast overgangsløysingar for elevane som har starta på dette studiet. Ansvar for tilpassingar vert lagt til hovudutval for opplæring.
17. Samarbeidet mellom skulane må styrkast og utviklast. Fylkestinget ber hovudutval for opplæring legge fram ei særskilt sak om dette.
18. Den vidare utviklinga av det vidaregåande skuletilbodet skal skje med basis i elevane sine val, og ved at skulane utviklar og fornyar sine tilbod.
19. Høyanger må vurderast som pilot for 1 – 13 skule. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak til hovudutval for opplæring.
20. Fylkestinget er innstilt på å redusere tal grupper frå 2016/17 fram til 2020/21 i takt med utviklinga i elevtalet.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilpasse *Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024*, jf. punkt 1 over, i samsvar med fylkestinget sitt samla vedtak».

Protokolltilførsel:

Dokumentet «Fordeling av grupper etter framlegg frå Ap, Sp og SV» har ingen formell status og er såleis ikkje bindande for vidare handsaming av saker som vedkjem det vidaregåande skuletilbodet.

Ordforklaringar

Fylkesdekkjande	Tilbod som berre er på ein vidaregåande skule er rekna som fylkesdekkjande. Når eit samla utdanningsprogram berre er på ein skule er utdanningsprogrammet fylkesdekkjande.
Kjøp av elevplass	Fylkeskommunane skal tilby alle utdanningsprogram på vg1-nivå. På vg2 og vg3-nivå kjøper fylkeskommunen plassar i andre fylke på programområde som ikkje blir tilbydde, men berre til søkjarar som har programområdet som første ynske. Kjøp av plass er avhengig av at andre fylkeskommunar vil selje. Sogn og Fjordane kjøper dei fleste plassane i Hordaland.
Kryssløp	Med kryssløp er meint at vg1 frå eit utdanningsprogram er godkjent inntaksgrunnlag for vg2 i eit anna utdanningsprogram. I dag er 16 slike kryssløp godkjende.
Landsliner og landsdekkjande tilbod	Nokre opplæringstilbod er landsliner eller landsdekkjande tilbod. Ved søking til landsliner og landsdekkjande tilbod stiller søkjarar frå alle fylka likt. Staten finansierer landslinene. Fylkeskommunane finansierer landsdekkjande tilbod gjennom ei refusjonsordning mellom fylka.
Programområde	Alle utdanningsprogramma har ulike programområde på vg2 og vg3-nivå.
Prosjekt til fordjuping	Prosjekt til fordjuping er eit fag på vg1 og vg2 i yrkesfaglege utdanningsprogram. På vg1 skal elevane få høve til å prøve ut aktuelle lærefag. På vg2 skal elevane få høve til å få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer dei ulike yrka utdanningsprogrammet fører til. Det er eigen læreplan for prosjekt til fordjuping.
ST-FO	Studiespesialisering med formgjevingsfag ingen andre utd.prg står i oversynet
TAF	Tekniske og allmenne fag, TAF, er eit 4-årig løp som gir både spesiell studiekompetanse og fagbrev.
Ungdomsrett til vidaregåande opplæring	Ungdomsretten er heimla i opplæringslova § 3.1. Heile retten må normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift. Retten må og takast ut innan utgangen av det året elevane fyller 24 år. Søkjarar med ungdomsrett har rett til inntak på eitt av tre søkte utdanningsprogram på vg1, og til to år vidaregåande opplæring som byggjer på vg1. Ungdomsretten er knytt til fylket der ein er registrert i folkeregisteret.
Utdanningsprogram	Kunnskapsløftet består av 12 utdanningsprogram, 3 studiespesialiserande og 9 yrkesfaglege. Vidaregåande nivå 1 (vg1) har same namn som utdanningsprogrammet.
Vg1, vg2 og vg3	vg1- vidaregåande trinn 1 i skule vg2- vidaregåande trinn 2 i skule vg3- vidaregåande trinn 3 i skule Læretid er vg3 gjennom heile læretida.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsida:
CollegeDegrees360/www.flickr.com